



Gebyr og betalingsattsar 2017

Vatn og avløp



**Informasjon;
auke i gebyr
for vatn
og kloakk**

I løpet av 2018 vert *Hornindalsvatnet* ny vasskjelde for Eidsdalen og Nordfjordeid, og dagens hovudvasskjelde *Fossevatnet* reservevasskjelde. Siste del av leidningsnettet for vassforsyning og ny pumpestasjon på Nor er no under utbygging, saman med nytt leidningsnett for overflatevatn og kloakk gjennom Eidsdalen.

Nytt vassforsyningsanlegg og VA-nett vil bety mykje for trivsel, folkehelse, natur og miljø i Eid, og har vore ei naudsynt investering for å sikre godt vatn og ei sikker, framtidretta vassforsyning for innbyggjarane i kommunen.

Auke i avgift frå 2017

Kommunestyret vedtok allereie i 2005 at Hornindalsvatnet skulle verte ny vasskjelde for Nordfjordeid og Eidsdalen. Det er i saksutgreiinga stadfesta at gebyr for avløp og vassforsyning vil auke. Etter regelverket skal utgifter kring vatn og avløp dekkjast inn gjennom gebyr til abonnentane. Den kalkulerte auken gjer seg no gjeldane og er årsaka til den meir unormale prisstiginga frå 2016 til 2017.

Avgifta blei politisk handsama i budsjettet for 2017 (jf gebyr og betalingsattsar 2017 kap. 4.11 side 11): *Årsgebyr vatn vil auke med 42 %. Årsgebyr avløp vil auke med 44 %.*

Vi gleder oss til å kunne opne kranane og gje innbyggjarane i Eid **nytt, friskt og godt drikkevattn!** Skulle du ha spørsmål knytt til dette, ta gjerne kontakt.